

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord-Norge

Tid/Sted: Måndag 13.03.17 kl 17 - kl 20

Tilstede: Pål Ove Wika, Endre Østbø, Merethe Sund, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Svein Slåtsveen, Teig Madsen og Svein Inge Jakobsen

Forfall:

Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 13. mars 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Oppsummering frå kretsmøta, inkl vedtektsendringar, og saker for vidare oppfølging Brit Kari orienterte. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Fellesmøta mellom kretsane må evaluerast.• Fellesmøte med FK vert litt travelt.• Gjere ei berekning av Norfersk sin totale verknad, som avtakar av råvarer, m.m.• Viktig med tydeleg info til kvar enkelt medlem om utbetalinga frå medlemskapitalkontoen og mogelegheita for tilleggsandelsinnskot.• Diskusjon om Nord-Norge trekk og priosløype lam, basert på innspela frå kretsmøta.• Nord-Norge trekket: Vurdere å få NILF el.l til å gjere ein analyse av driftsulempene i regionen, opp mot distriktstilskotet. Vurdere å be faglaga om å stå for det.• Bør få tettare samarbeid med TINE om auka storfekjøtproduksjon, t.d. info på rådgjevarsamling.	Brit Kari/ kretsleiarane
	Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
2	Førebuing av RU-møtet Køyreplanen vart gjennomgått. Sigurd Langfors har meldt ei sak til Open post, med forslag om mentorordning for nye bønder i Nortura.	
	Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
3	Høyring av rekrutteringsstrategi for tillitsvalde i sentrale verv Notat utsendt. Høyringsfrist 5. mai. <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Bør konsentrere oss meir om grunnplanet for å rekrutttere tillitsvalde, ikkje topp tillitsvalde som det her er snakk om. Er få toppverv, men vanskeleg å rekrutttere til grunnplanet. Viktig å ha noko å bygge vidare på.	
	Vedtak: AU utset saka til neste møte.	
4	Oppsummering av fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukarlag Svein orienterte frå årsmøte i Finnmark Bondelag.	

Ragnhild kan representere Nortura i årsmøte i Nordland Bondelag. Merethe representerer på Nordland Bonde- og småbrukarlag, med Endre som evt vara.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 Førebuing av saker til årsmøtet 4. – 5 . april

Årsmøtestart 04.04 med lunsj kl 12. Møte før årsmøtet kl 10 – kl 12 ?

Innspel/kommentarar:

- Ressursane på storferådgjeving, sett i forhold til reduksjon i storfekjøtproduksjonen. Ros til Nortura sitt innspel om tilskot pr mordyr i høgste distriktstilskot.
- Svein har forfall til årsmøtet.
- Vidareforedling i Nord-Norge: Sit att med pølseproduksjon til det nord-norske marknaden, må minimum ha aktivitet som dekker etterspurnaden i marknaden.
- Også konsekvensar for mogelegheitene for å produsere regional mat.

Vedtak: AU ynskjer møte kl 10 – kl 12.

6 Eventuelt

Merethe: På bakgrunn av vedtak i kretsmøtet har Sør-Helgeland krets skrive brev til AU med bekymring for utviklinga i storfekjøtproduksjonen, og ynskjer at kvalitetstillegg må slå inn på klasse O. Dei ber om at dette vert tatt opp i jordbruksforhandlingane. Brit Kari sender det vidare.

Brit Kari

Fred Tore: Invitasjon til pølseduell utsendt, gjeld kun dei som har medlemsbutikk.

Endre: I Oppland samarbeid mellom Oppland Sau og Geit og Nortura om grilling, smaksprøver og marknadsføring av lam. Ynskjer tilsvارande i denne regionen, då det tidlegare har vore sagt at tillitsvalde gjerne kunne bidra til ytre sal. Sender førespurnad.

Brit Kari

Merethe: Etterspurte svar på kvifor støtta til Nei til EU er redusert. Redusert i Norsk landbrukssamvirke etter ein samla gjennomgang av organisasjonar som vert støtta.